

# Veveplan

# 10. trinn

# Veke 34 og 35

LÆRINGSMÅL DENNE PERIODEN:	
Norsk	<ul style="list-style-type: none"><li>• Lesa tekstar av lokale forfattarar</li><li>• Læra meir om lokale forfattarar frå tidlegare tider, og reflektera over kvifor dei framleis er aktuelle i dag</li><li>• Lesa ei sjølvvald bok</li></ul>
Engelsk	<ul style="list-style-type: none"><li>• Lesa, skriva og snakka om å ta val</li><li>• Reflektera kring det å ta val</li><li>• Snakka om utdanning og karriere</li><li>• Bruka verb i futurum (framtidsform)</li><li>• Bruka skrivestrategiar</li></ul>
Matematikk	<ul style="list-style-type: none"><li>• Forklara forskjellen på primtal og samansette tal</li><li>• Kunna faktorisera og forkorta algebraiske uttrykk</li><li>• Trekkja saman uttrykk med parentesar</li></ul>
Samfunnsfag	<ul style="list-style-type: none"><li>• Kjenna til ulike former for kriminalitet, og kunne beskrive nokre sentrale lovar.</li><li>• Drøfta årsaker til kriminalitet.</li><li>• Kunna gjere greie for trekk ved ungdomskriminalitet.</li><li>• Drøfta konsekvensar kriminalitet kan få for enkeltmenneske, grupper og samfunn.</li><li>• Drøfta tiltak for å motverka kriminalitet.</li></ul>
KRLE	<ul style="list-style-type: none"><li>• Vita noko om dei ulike trussamfunna me har rundt oss lokalt</li><li>• Kunna noko om historia til Saron og Time kyrkje</li></ul>
Naturfag	<ul style="list-style-type: none"><li>• Forklara kva som er meint med forbrenningsreaksjonar, og gje nokre døme på slike reaksjonar</li><li>• Gjera greie for korleis organismar skaffar seg energi ved celleanding</li><li>• Forklara korleis kjemisk energi blir omdanna til andre energiformer ved forbrenning av fossile brensel og hydrogen</li></ul>
Spansk	<ul style="list-style-type: none"><li>• Repetisjon av fjarårets tema: blant anna fortid og framtidsetninger</li><li>• Arbeida med bindeord og trekkja ein tekst betre saman</li><li>• Spansk kultur: Cuba og Spania</li></ul>
Tysk	<ul style="list-style-type: none"><li>• snakka og skriva om årstider og aktivitetar</li><li>• om korleis våret er eller blir</li><li>• om når du har bursdag</li><li>• vêr, klima og geografi i Tyskland</li><li>• fortelja om feiringar</li></ul>
Eng fordj	<ul style="list-style-type: none"><li>• Bruka engelsk i munnleg og skriftleg samhandling, tilpassa formål, mottakar og situasjon</li><li>• Setja seg inn i forhold i eit engelskspråkleg land</li></ul>
Arbeidslivsfag	<ul style="list-style-type: none"><li>• Undersøkja behov for varer og tenester på skulen og i lokalsamfunnet</li></ul>
Kroppsøving	<ul style="list-style-type: none"><li>• Trena på og utvikle ferdigheiter i friidrett</li><li>• Visa god innsats</li><li>• Bruka eigne ferdigheiter og kunnskapar på ein slik måte at det kan medverke til framgang for andre</li></ul>
Musikk	<ul style="list-style-type: none"><li>• Å kunna lære å spele eit band-instrument basert på instruksjonsvideo.</li></ul>
K&H	<ul style="list-style-type: none"><li>• Arbeida med skisser</li><li>• Bruka ulike funksjonar innan biletredigeringsprogram</li></ul>

	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Skjera ut sjablong og trykkje den på kartong</li> <li>• Skriva prosessnotat mens du arbeider</li> </ul>
Kantine	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Laga god og ernæringsriktig mat</li> <li>• Halda god hygiene</li> <li>• Jobba med rekneskap og plakatdesign</li> <li>• Gjennomføra sal</li> <li>• Hugs forkle og hårstrikk til alle kjøkkenøkter</li> </ul>
Fys.ak.	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Kunna samarbeida og inkludera alle</li> <li>• Øva på og gjennomføra varierte bevegelsesaktivitetar</li> </ul>
Friluftsliv	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Trygg og sporlaus ferdsel-ta vare på seg sjølv og andre. Kunna forklara bruk av klede og utstyr</li> </ul>
Design og redesign	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Ta symaskinertifikat</li> <li>• Sy for hand og på maskin</li> <li>• Bli introdusert til ullfiltrering</li> </ul>
Trafikk	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Forventningar, struktur og oppstartsaktivitetar</li> </ul>
Olweus	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Ordensreglement, klassereglar og klassemiljø</li> </ul>

## INFORMASJON TIL HEIMEN

Det var kjekt å treffa alle elevane igjen! Me fekk ei kort veke med skuledag på torsdag og fredag. I denne veka startar me opp for fullt med alle fag! Me håper alle er motiverte for å gjera ein god innsats med skulearbeidet!

### Mobilar

Nytt av året er at me har heilt mobilfri skule. Me oppfordrar elevane til å leggja mobilen igjen heime. Dei som har mobilen med seg, må levera den inn i mobilhotell på skulen (sjå ordensreglar som ligg på heimesida under "Brev og beskjedar"). Fint om dei som ikkje har tatt ein prat om dette heime gjer det.

### Matfriminutt

Det er framleis ikkje lov å forlata skulens område. Det kan sjå ut som om eindel elevar har "gløymt" dette iløpet av sommaren, fint om dette óg kan snakkas litt om heime.

### Bøker

Elevane får utdelt lærebøker i nokre fag, andre fag har me digitale læremiddel i. Alle bøkene dei får utdelt skal ha brede, og dei må bli behandla fint og bli levert inn att når skuleåret er slutt.

### Fotografering

I veke 35 kjem fotografen på besøk. Alle klassane skal ta gruppebilete, og alle elevane skal ta portrett. Desse bileta blir samla i ein skulekatalog som alle elevane får gratis. Dei får i tillegg tilbod om å kjøpa fotopakker utanom. Dette er valfritt. Sjå på vekeoversikten når din klasse skal bli fotografert.

### Valfag

Det vil vere mogleg å gjera enkelte byte dei første vekene i valfag, dersom det er ledig

kapasitet i gruppene. Elevane må då ta kontakt med avdelingsleiar. I løpet av året vil ein ikkje kunne byta, då alle fag er avgangsfag.

### **Nye vaksne på trinnet**

Me har fått to nye kontaktlærarar på trinnet; Karen Hognestad Liland i 10a og Stian Emil Pettersen i 10b. Anna Magnussen Vik er ny trinnleiar på trinnet.

### **Start og slutt på dagen**

Skulen startar kl 08:00 kvar dag. Måndag, onsdag, torsdag og fredag sluttar skulen kl. 14:10 og tysdag kl. 12:10. I år har elevane UTV fram til veke 3. Frå veke 4 skal elevane ha fri denne timen.

### **Nye fag**

I år skal elevane ha utdanningsval, symjing og kunst & handverk som nye fag.

### **Arbeidslivsfag**

Dette året har elevane arbeidslivsfag på torsdag i 6.-7. time. Dei vil ha fri kvar tysdag i 1. time. Det kan vera lurt å minna elevane om å ha med ei god matpakke denne dagen, sidan den blir litt lengre enn dei andre dagane.

### **Ipad**

Me minner om at elevane må ta godt vare på ipaden. Dei fekk ipad utdelt på torsdag, og det er viktig å oppdatera den og alltid lada den opp heime.

### **Visma Min Skole**

For dei som er nye på BUS, så bruker me appen Visma Min skole til kommunikasjon mellom skule og heim. Me vil at de lastar ned appen og loggar inn i Time kommune slik at de får meldingar me sender der. Der skal de også melde inn fråvær.

### **Minskole.no/bus**

Følg med på heimesida vår. Der legg me ut vekeoversikt, vekeplan, timeplanar, årshjul, brev og beskjedar. Det er lurt å abonnera på nyheter frå 10.trinn. Då får du e-post når me legg ut noko nytt. Abonnement må de fornya kvart år.

### **Foreldremøte**

Det blir foreldremøte 19. september kl 18.00 i aulaen. Meir info kjem etter kvart.

Helsing oss på 10.trinn

## **HEIMEARBEID VEKE 34**

<b>Norsk</b>	Finn deg ei bok du vil lesa. Boka må vera godkjent av faglærar eller Karen på biblioteket. Les 20 sider av boka i løpet av veka. Jobb vidare med bokforsida til biografien om deg sjølv som me byrja på sist veke.
--------------	---

	<b>10A:</b> Les 3x20 min i boka di. Ta bilete og legg inn under bøker eg har lese på ON. Rapporter sidetal til læraren din på fredag.
Engelsk	Lag ei lydfil der du fortel om eit val du har tatt. Valet kan vera fiktivt. Lydfila skal leverast på ON under heimearbeid.
Matematikk	Gjer oppgåve 1.101, 1.102 og 1.103 på s.6 i oppgåveboka. Arbeidet skal leverast i ON.
Samfunnsfag	<ol style="list-style-type: none"> <li>1. Les "<a href="#">Normer, lovar og lovbro</a>" på aunivers.no.</li> <li>2. Definer omgrepa (norm, lovar, lovbro, straffeloven, kriminalitet og vinningskriminalitet) i tabellen som ligg på OneNote.</li> </ol>
Naturfag	Les side 166-169. Gjer mini-forsøket side 169. Skriv inn på OneNote.
Spansk	Les høgt s. 8-9 i Gente textos. Les den 2 gonger.
Tysk	ON-Hausaufgabe-Woche 34.
Eng fordj	Les teksten på s. 11 i Engelsk fordjupning boka, og skriv ein dialog der du inkludere minst fire "hiberno-english" uttrykk. Arbeidet skal leverast på ON.
Musikk	Me skal lære å spele 12-takters blues i band. Om du ikkje har god progresjon i timane, må du øve utanom. Møt i aula.
K&H	Finne/ta bilete til sjablongoppgåva.
Fys.ak.	Sjekk Teams.
Friluftsliv	Møt direkte på parkeringsplassen ved Sivdammen. Møt 12.30. Kanol/frisbee.

HEIMEARBEID VEKE 35	
Norsk	Presenter biletet av framsida til sjølvbiografien din siste norsktimen denne veka. Les 20 sider i boka di. <b>10A:</b> Les 3x20 min i boka di. Ta bilete og legg inn under bøker eg har lese. Rapporter sidetal til læraren din på fredag.
Engelsk	Gjer grammatikk oppgåvene som liggjer på ON.
Matematikk	Gjer oppgåve 1.104, 1.05 og 1.107 på s. 7-9 i oppgåveboka. Arbeidet skal leverast i ON.
Samfunnsfag	<p>Les teksten "<a href="#">kvifor blir enkelte kriminelle</a>" på aunivers.no. Svar utfyllande på spørsmåla på OneNote.</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Nemn nokre årsaker til at menneske gjer kriminelle handlingar.</li> <li>2. Kva er skilnaden mellom individuelle og samfunnsmessige årsaker til kriminalitet?</li> <li>3. Kven skal ta ansvar for kriminaliteten? Samfunnet eller lovbytaren? Skriv eit avsnitt der du reflekterer kring dette.</li> </ol>
Naturfag	Les side 170-172, og gjer oppgåvene side 172. Skriv inn på OneNote.
Spansk	Forebu deg til minisamtale på torsdag. Du skal si 3 setninger om kva du gjere på fritida.

<b>Tysk</b>	ON-Hausaufgabe-Woche 35.
<b>Eng fordj</b>	Skriv om setningane du finn på ON.
<b>Arbeidslivsfag</b>	
<b>Musikk</b>	Me skal lære å spele 12-takters blues i band. Om du ikkje har god progresjon i timane, må du øve utanom. Møt i aula.
<b>Fys.ak.</b>	Sjekk Teams.
<b>Friluftsliv</b>	Møt direkte på parkeringsplassen ved Sivdammen. Møt 12.30. Kano/ frisbee.



Bryne ungdomsskule